



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Dykkar ref.: «Innspel til språkmelding»  
Vår ref.: 412-226 PMFS

Ørsta/ Ulvik/ Vinje, 13. mai 2019

## Innspel til språkmeldinga og språklova

Nynorsk kultursentrum takkar for høvet til å kome med innspel til den nye språkmeldinga og språklova. Innspelet tek utgangspunkt i *St. meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, *Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida*, innstillinga *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* frå framtidsutvalet i Språkrådet og våre egne publikasjonar [Språkfakta 2015](#) og [Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding](#).

Innspelet er drøfta av rådet i Nynorsk kultursentrum, med representantar frå dei 24 stiftarane og partnarane våre, og vedteke av styret 13. mai 2019. Innspelet vårt er strukturert slik at vi først gjer greie for kva vi meiner er og skal vere grunnlaget for norsk språkpolitikk, inkludert ei vurdering av dei offentlege grunnlagsdokumenta. Deretter går innspelet nærmare inn på konkrete innsatsområde til meldingsarbeidet og avsluttar med innspel til språklova.

### Grunnlaget for norsk språkpolitikk

Nynorsk kultursentrum meiner språkpolitikken framleis må ta utgangspunkt i at:

1. Norsk, med skriftspråka bokmål og nynorsk, skal vere samfunnsberande.
2. Språkleg mangfald er positivt for norsk kultur- og samfunnsliv.
3. Språkpolitikken må ta utgangspunkt i språkbrukarane og deira behov.
4. Offentleg sektor har eit særleg ansvar for å gjere språkbrukarane trygge i eige språk.

Skriftkulturane bokmål og nynorsk er blant dei sterkaste skriftkulturane i verda. Skriftspråka blir brukte kvar dag i barnehagane, skuleverket, kulturlivet, sivilsamfunnet, den offentlege forvaltninga, rettsvesenet, media og næringslivet. Samstundes er norsk under press frå engelsk i vitskapen, underhaldningsindustrien og næringslivet. Det er derfor avgjerande at språkpolitikken ikkje er avgrensa til kulturpolitikken, men er eit avgjerande grunnlag for politiske val på mange samfunnsområde.

Då Stortinget i 1885 vedtok å jamstille nynorsk og bokmål som offisielle språk, blei Noreg ein av dei første offisielt fleirspråklege statane i verda. Seinare har rammene for den norske språkpolitikken blitt utvida. Han rommar no eit særleg ansvar for norsk med to skriftspråk og eit mangfald av dialektar, norsk teiknspråk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka. Nynorsk kultursentrum er glad for at språkmangfaldet er ein premiss i kulturmeldinga.

Utgangspunkta for språkbrukarane er ulike. Det må språkpolitikken spegle. Det er annleis å vere brukar av det dominerande skriftspråket, bokmål, enn å vere brukar av nynorsk, norsk teiknspråk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka. Utgangspunktet er også ulikt for ulike samfunnsområde, og i ulike geografiske område.



Indrehovdevegen 176  
6160 Hovdebygda  
Org.nr. 976 013 263  
Bank 3991 40 21530

Tlf. 70 04 75 70  
post@nynorsk.no  
nynorsk.no

aasentunet.no  
haugesenteret.no  
vinjesenteret.no  
allkunne.no



Nynorsk kultursentrum ser behovet for ei prinsipielt overordna språklov, med konkrete målretta tiltak for enkeltområde, både geografisk og tematisk, i språkmeldinga.

### Merknader til grunnlagsdokumenta

I denne vurderinga tek vi utgangspunkt i nynorsk skriftkultur og nynorskbrukarane. *St. meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* var eit godt utgangspunkt for norsk språkpolitikk. Viljen til å tenkje breitt og systematisk om språk står seg godt meir enn ti år etter.

Reell jamstilling krev ulik behandling av tiltak for nynorsk og bokmål. I *Innst. S. nr. 4 (2008–2009) Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Mål om mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* stadfesta fleirtalet haldninga frå Bondevik-regjeringa i 2003, og seier at dei «deler oppfatninga i meldinga om at nynorsk er formelt likestilt, men reelt diskriminert, og meiner det er avgjerande å sikre grunnlaget for nynorsk skriftkultur og nynorsken sin posisjon i det norske språksamfunnet meir allment. Fleirtalet viser til at det er brei politisk semje om at det naudsamst med ei aktiv støtte for nynorsken». I meldinga blei det fastsett at om synet til nynorsk alltid skal bli vurdert eksplisitt når spørsmål om norsk blir tematisert. Dette blir seinare i dette innspilet omtalt som *prinsippet nynorsk*.

I meldinga blei det løfta fram 14 prioriterte tiltak for nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum meinte då at desse var eit godt grunnlag for å styrkje rettane til nynorskbrukarane. Det er dei framleis, men det føreset at dei blir følgde opp, og vi bed om at departementet går systematisk gjennom tiltaka i meldinga og vurderer nye tiltak for å nå måla for nynorsk skriftkultur.

Våre kommentarar til dei 14 tiltaka i den førre meldinga er:

Nr.	Tiltak i <i>Mål og mening</i>	Kommentar frå Nynorsk kultursentrum
1	Regjeringa legg opp til at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert.	Nynorsk kultursentrum rår på det sterkaste til at prinsippet nynorsk blir ført vidare og følgd opp. Den nye språkmeldinga bør, som den førre, ha eit eige kapittel som vurderer eigne tiltak for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur.
2	Departementet vil fremja dei positive verdiane ved den språkdelte norske kulturen og motverka negative haldningar til nynorsk.	Klimaet for nynorskbrukarane ser ut til å ha blitt betre dei siste åra, men vi manglar framleis ei grunnleggjande forståing for at det er positivt for Noreg med skriftspråkleg mangfald.
3	Departementet vil identifisera og gjennomføra tiltak som kan vera med og synleggjera og fremja nynorsk språk og kultur.	Nynorsk kultursentrum er nøgd med at Garborgsenteret, Olav H. Hauge-senteret, Vinje-senteret, Rommen scene, Framtida.no og Framtidajunior.no er etablerte eller under etablering. Det er framleis eit stort behov for fleire tiltak.
4	Departementet vil profilera nynorsk språk og kultur blant barn og unge, og vil byggja inn ein særskild nynorskprofil innanfor generelle tiltak og ordningar retta mot barn og unge, ikkje minst innanfor Den kulturelle skulesekken.	Gjennom tildelingsbrev til Den kulturelle skulesekken har dette delvis blitt følgd opp. Nynorsk kultursentrum vil framleis peike på behovet for fleire nynorskproduksjonar for alle norske elevar gjennom Den kulturelle skulesekken.
5	Departementet vil i dei årlege statsbudsjetta leggja vinn på å gje dei særskilde nynorskinstitusjonane gode rammevilkår.	Dei særskilde nynorskinstitusjonane får ein mindre del av det totale kulturbudsjettet i 2019 enn i 2009. Vilkåra er svekte, samstundes som fleire av institusjonane har auka medlems-, gjeste- og opplagstal.
6	I tråd med lovnaden frå Kulturløftet vil departementet oppretta eit eige fond, Vinjefondet, med hovudformål å styrkja nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd.	Det er Nynorsk kultursentrum som forvaltar fondet. Det har dei siste åra ikkje fungert etter intensjonane, og Nynorsk kultursentrum kjem tilbake i eige brev etter styremøtet 13.6. om framlegg til endringar av ordninga.
7	Departementet vil sikra det økonomiske grunnlaget for produksjon og publisering av nynorsk kvalitetsinnhald på Internett.	Det er framleis behov for meir innhald, både for underhaldning, kunnskap og ny språkteknologi. I <i>Språk i Norge</i> peikar framtidsutvalet på fleire nye tiltak som kan bli avgjerande for å sikre bokmål, nynorsk og dialektane i ei meir digital framtid. Nynorsk kultursentrum ønskjer framleis å ha

		ei aktiv rolle som produsent av nynorsk kvalitetsinnhald på internett frå ulike fagområde og til ulike målgrupper.
8	Departementet ventar at riksdekkjande aviser i større grad gjev høve til å nytta nynorsk på redaksjonell plass.	Forholdet er noko forbetra i avisene som er eigde av Schibsted, men nokon stor auke i nynorskpubliseringa i riksdekkjande aviser har det ikkje vore. I mediestøttemeldinga var prinsippet nynorsk oversett, og riks- og regionmedium som er redigerte på nynorsk eller nynorsk og bokmål, har ikkje nokon fordel no. Det er viktig at ikkje nynorsk i riksdekkande medium blir skadelidande av den nye ordninga.
9	Departementet vil intensivera innsatsen for at statsorgan oppfyller kvotekravet om minst 25 prosent nynorsk, også i alle statlege heimesider på Internett.	Framleis sviktar statsorgana nynorskbrukarane ved ikkje å overhalde dette kravet. Informasjon på heimesider og i sosiale medium bør vere eit prioritert område for auka nynorskbruk.
10	Alle organ som kjem inn under mållova, skal halda seg med ein oppdatert språkleg kompetanseplan som sikrar fullgod nynorskkompetanse, og som også kan gje opning for å frita enkeltmedarbeidarar med minoritetsbakgrunn frå plikta til å nytta begge målformer.	Dette er i for liten grad følgt opp, også av institusjonar som har ei særleg sentral rolle for å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk. Nynorsk kultursentrum meiner vidareutdanning og språkleg rettleiing, ikkje fritak, bør vere hovudregelen for personar med minoritetsbakgrunn.
11	Departementet vil i samråd med Språkrådet bidra til tiltaksplanen for nynorsk i opplæringa som er varsla i språkoppplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet.	Elevane med nynorsk som førstespråk får framleis ikkje eit godt nok opplæringsstilbod. Lærarane som underviser dei, manglar ofte kompetanse i nynorsk, eller i dei særlege tilhøva for nynorskelevane. Læremiddel, særleg digitale, ligg ikkje føre til same tid og til same pris som læremiddel på bokmål. Ein ny tiltaksplan, med eit tydeleg ansvar i Utdanningsdirektoratet for å følgje han opp, må kome i samband med implementeringa av dei nye læreplanane.
12	Departementet vil gje Språkrådet klarsignal til å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingssystemet i nynorsk.	Dette er gjennomført.
13	Departementet vil vurdere korleis spørsmål som gjeld ordtilfanget i nynorsk, bør handterast innanfor ramma av eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nynormering og normvedlikehald.	Dette er gjennomført. Nynorsk kultursentrum meiner det er viktig at Språkrådet framleis skal normere bokmål og nynorsk. Skriftspråka skal bli normerte på sjølvstendig grunnlag.
14	Departementet vil i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet kartleggja nynorskbruken i kommunesektoren.	Det er behov for meir dokumentasjon og oppfølging av korleis kommunane og fylkeskommunane står opp om dei sentrale måla i språkpolitikken, særleg for nynorskbrukarane.

*Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida* slår fast at eitt av ni overordna mål for kulturpolitikken er «eit fritt og uavhengig kulturliv som styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar». Nynorsk kultursentrum er svært glad for at ei positiv haldning til språkmangfald, kombinert med ambisjonar om norsk som samfunnsberande språk, er gjennomgåande i norsk kulturpolitikk. Meldinga tek også innover seg at språkpolitikken må balansere maktforholda mellom ulike språklege hegemoni, og at presset nynorsk har frå bokmål, blir tematisert.

I *Innst. 258 S (2018–2019) Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* skriv regjeringsspartia at «[f]lertallet er positive til at meldingen anerkjenner rikdommen Norge har med to norske skriftkulturer og skriftspråk – nynorsk og bokmål. Flertallet mener at i arbeidet med den kommende språkloven og språkmeldingen er det viktig med målrettede tiltak som bedrer situasjonen for nynorsk og nynorskbrukerne, som er i mindretall.» Nynorsk kultursentrum er samde i denne analysen, og ser fram til målretta tiltak i språklova og språkmeldinga.

Kulturmeldinga er overordna, og Nynorsk kultursentrum meiner at språkmeldinga må bli brukt til å konkretisere språkpolitikken. Ambisjonane for nynorsk var for lite synlege i mediestøttemeldinga. Prinsippet om at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematiserte, er tidlegare slått fast i *Mål og mening*.

Nynorsk kultursentrum vonar at prinsippet er tydelegare til stades i dei varsla meldingane om barne- og ungdomskultur, museum og kunstnarpolitikk.

I *Språk i Norge* uttrykkjer framtidsutvalet til Språkrådet seg på sitt beste og tydelegaste om område der engelsk er eit trugsmål mot norsk som samfunnsberande språk. Det er på dei områda utvalet går mest konkret til verks og føreslår å bruke lovverk, politikk, pengar og offentlege data for å sikre språka i Noreg. Utvalet peikar særleg på tiltak innanfor arbeidslivet, teknologien, media, skulen og akademien. Nynorsk kultursentrum er særleg oppteke av at Kulturdepartementet følgjer opp målet om at språkdata som speglar norske tale- og skriftspråk, må bli samla og gjorde tilgjengelege for at språkteknologiske produkt skal stø opp om den norske språkpolitikken.

Nynorsk kultursentrum støt utvalet i at elevane med nynorsk som førstespråk treng auka tilgang til eige språk. Vi er også samde i at det er eit brot med den gjeldande språkpolitikken at ein ikkje klarer å stanse nedgangen i talet på nynorskelevar. Tiltaka som er føreslått i rapporten, kan vere gode tiltak for å gi nynorsk- og bokmåselevane likeverdige høve til å meistre eige språk.

Tre kritiske område for norsk språkpolitikk manglar tilstrekkeleg omtale i *Språk i Norge*: språkansvaret til statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd, kunst- og kulturlivet og omsynet til nynorskbrukarane utanfor skulen. Utvalet syner forståing for at bokmål og nynorsk har ulike utfordringar, men for nynorskbrukarane er analysane for få, for svake og for fråverande utanfor skulesektoren. Spørsmålet om tiltak og rettar for nynorskbrukarane må inkludere skulepolitikken, men kan ikkje vere avgrensa til berre det området.

## **Seks innsatsområde i språkmeldinga**

Nynorsk kultursentrum ønskjer å peike på behovet for tiltak på seks ulike innsatsområde.

### **1. Språk i det digitale Noreg**

Verkemidla i språkpolitikken er for det meste innretta for å styrkje eit fagområde, ein sjanger eller eit format. Med framvoksteren av nye digitale plattformer er det behov for språkleg infrastruktur og ein politikk som i størst mogleg grad er teknologinøytral. Kulturmeldinga held fram at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft. Å kunne ytre seg med sitt eige språk, og å få oppleve sitt eige språk, på ulike plattformer uavhengig av kva for innhald som er der, er heilt avgjerande både for ytringsfridom, for språk og for kunst og kultur meir allment.

Språkpolitikken må vere utgangspunktet for digitaliseringspolitikken. I eit svarbrev til Nynorsk kultursentrum 30.1.2019 svarer Kommunal- og moderniseringsdepartementet på vegner av digitaliseringsministeren at «[s]pråk er ein viktig del av kulturarven og eit vilkår for å ta del i demokratiet og at «[d]igitaliseringsfeltet er tverrgående og grip inn i dei fleste områda i samfunnet, også språk.» Nynorsk kultursentrum meiner at språkpolitikken skal liggje til grunn for digitaliseringspolitikken, og at det offentlege skal ta ei tydeleg rolle for å sikre den samfunnsbyggjande krafta som ligg i å ha tilgang på tenester og innhald på eige språk.

Den norske digitale språkpolitikken må ikkje bli privatisert til globale aktørar. Staten må byggje ein god offentlig språkleg infrastruktur for talemål og skriftspråk, slik at det er eit godt grunnlag for digitale tenester der ein kan nytte nynorsk, bokmål og heile det

mangfoldige norske talespråket i møte med den nye teknologien. Éin institusjon må få hovudansvaret for dette arbeidet, og Nasjonalbiblioteket peikar seg ut.

Det er framleis nødvendig med nokre sjanger-, fag- og formatavhengige ordningar for å sikre språkmangfaldet i det digitale Noreg. Engelsk trugar bokmål, og bokmål trugar nynorsk i underhaldningsindustrien. Offentleg tilrettelagd språkteknologi kan gjere det enklare og billegare å sikre teksting på bokmål og nynorsk av film, fjernsynsseriar og dataspel. Prinsippet nynorsk må også gjelde offentlege støtteordningar for audiovisuelle tenester.

Tilfanget av nynorske lydbøker er prosentvis mindre enn tilfanget av nynorskbøker generelt, både når det gjeld historisk litteratur og samtidslitteratur. For å auke det totale omfanget meiner Nynorsk kultursentrum at staten i ein overgangsperiode må vere med på å finansiere eit godt og breitt utval av historisk nynorsklitteratur i lydformat. Det er også med på å trygge det nynorske at ein held ved like ein tradisjon for lesen nynorsk, og at lyden av nynorsk skrift blir ein vane for fleire.

Mediepolitikken må ta særleg omsyn til at det er for lite nynorsk i riksmedium. Saman med andre målretta tiltak kan dette vere med på å sikre kvalitetsinnhald på nynorsk på internett. Politikken for meir nynorsk innhald må halde fram, sjølv om han blir supplert med ein politikk for språkleg infrastruktur.

## **2. Norsk fagspråk**

Både bokmål og nynorsk er truga som forskings- og vitenskapsspråk. Stoda blir meir alvorleg av at fleire profesjonsutdanningar er blitt meir akademiske. Det er avgjerande at framtidige yrkesutøvarar lærer seg å kommunisere fagleg på nynorsk og bokmål, for at brukarane av tenestene skal få eit best mogleg tenestetilbod.

Støtteordninga til lærebokutvalet, slik ho er utforma i dag, fungerer ikkje med tanke på å auke talet på lærebøker på nynorsk. Ordninga er øyremerkd små fagområde, noko som fører til at dei store profesjonsfaga der domenetapet er mest alvorleg, ikkje får støtte. Nynorsk kultursentrum rår til at ein målrettar ei støtte til utvikling av lærebøker på nynorsk i profesjonsutdanningar som sjukepleie, lærarutdanning, barnehagelærarutdanning, vernepleie/sosialt arbeid/barnevern, politi, økonomi/administrasjon, farmasi, juss og ingeniørfag. Dette vil vere viktige bidrag for å halde nynorsk fagterminologi i hevd. Samstundes er dette grupper som treffer mange brukarar, anten det er i byggebransjen, helsesektoren eller i barnehagen. Derfor vil tiltaket føre til meir nynorsk for brukarane, ikkje berre for dei som tek utdanningane.

For å ta vare på norsk språk er det nødvendig med sterke vitenskaplege miljø for blant anna leksikografi, språkteknologi, terminologi og namnegransking. Nynorsk kultursentrum er uroa for at andre incentiv i forskings- og utdanningspolitikken svekkjer desse avgjerande fagmiljøa for norsk språk.

## **3. Offentleg sektor si rolle i språkpolitikken**

Staten, fylkeskommunane og kommunane har eit særleg ansvar for språkrettane til innbyggjarane sine, gjennom opplæring, offentlig forvaltning og på andre politikkområde. Med jamstillingsvedtaket, og seinare det samiske forvaltningsområdet, har Noreg hatt ein lokalt forankra språkpolitikk der lokale vedtak dannar grunnlaget for språkbruk og tiltak frå staten. Det burde vere unødvendig å presisere dette, men praksisen i bruken av mållova gjer det nødvendig å skrive at offentlig sektor må følgje lovverket. Når staten ikkje har følgd

gjeldande regelverk for nynorsk, norsk teiknspråk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka, er han med på å redusere det språklege mangfaldet i Noreg.

I Noreg er det eit problem at kommunane og fylkeskommunane ikkje er medvitne om ansvaret dei har for nynorskelevane. Lovverket og meldinga må vere tydelege på at kommunane og fylkeskommunane ikkje berre skal sikre språkrettane til innbyggjarane, men også sikre at nynorskbrukarane har høve til å bli trygge i eige språk.

Meldinga bør gi dei lovpålagde stillingane administrasjonssjef (rådmann), skuleleiar (rektor) og biblioteksjef eit særskilt ansvar for å sørge for at nynorskbrukarane blir eksponerte for nynorsk i offentleg informasjon, kulturtilbod og i skulen. Fylkeskommunane bør få ei særleg plikt til å leggje til rette for tiltak for at fleire blir verande nynorskbrukarar. Dominansen av bokmål i vidaregåande opplæring er ei direkte årsak til at fleire byter til nynorsk, og mangelen på tiltak i fylkeskommunane er derfor direkte trugande for språkbrukarane.

Det offentlege har eit særleg ansvar for å sikre nynorsk og bokmål i digitale tenester. I alle standardkontraktar og kravspesifikasjonar må bruk av både nynorsk og bokmål i menyspråk og innhald vere standard. Det offentlege må bruke marknadsmakta si ved offentlege innkjøp til å sikre digitale tenester på både bokmål og nynorsk, og utvikle system for parallellsøk i alle publikumsretta, digitale tenester.

#### **4. Institusjonar for nynorsk**

Nynorsk kultursentrum registrerer at det i kulturmeldinga er gitt eit særleg ansvar til Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Språkrådet for å forvalte den skriftfesta kulturarven. Den lista er ufullstendig, og ansvaret må også gjelde for å sikre språkrettane til innbyggjarane i framtida. Nynorsk kultursentrum vil særleg peike på desse statlege etatane, deira ansvar for norsk fagspråk og i denne samanhengen særleg ansvaret for nynorsk. Dette bør bli presisert i meldinga og i tildelingsbrev til institusjonane.

*Språkrådet* skal framleis vere organet som normerer nynorsk skriftspråk, og må få utvida tilsynsansvar for å vareta språklova, inkludert det å kunne gi forvaltningsbøter for brot på lova. Nynorsk kultursentrum meiner endringane i stadnamnlova som gjer forvaltninga av norske og kvenske namn til ein fullt integrert del av Språkrådet, er positivt.

*Kulturtanken* må sørge for at det er nynorskproduksjonar innanfor alle kunstområda i Den kulturelle skulesekken, og særleg i kommunar med nynorskelevar. *Nasjonalbiblioteket* skal sikre grunnlaget for ein språkleg digital infrastruktur, gjere nynorskklitteratur tilgjengeleg for brukarane og leggje til rette for at bibliotek i kommunar med nynorskklassar tek eit særleg ansvar for nynorsk skriftkultur. *Kulturrådet* må få eit særleg ansvar for at omfanget av nynorsk kultur aukar, anten det er tidsskrift, sakprosa, skjønnlitteratur, songlyrikk eller scenekunst. Særleg avgjerande for mindre brukte språk enn det dominerande er at ein aukar tilfanget av sakprosa på dei aktuelle språka. *Arkivverket* sikrar tilgang til kjelder for, om og på nynorsk, og gjer dette tilgjengeleg. *Mediestøtterådet* må ha eit særleg ansvar for å sørge for at det blir meir nynorsk i aviser, gjennom støtte til aviser som er redigerte på nynorsk eller nynorsk og bokmål.

*Utdanningsdirektoratet* treng eit tydeleg mandat for å sikre at elevane med nynorsk som førstespråk har same høve til å bli trygge språkbrukarar som bokmålelevane. Mandatet må inkludere tilsynsmynde til å passe på at det er fysiske og digitale læremiddel og læringsressursar på nynorsk. *Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsvurdering i høgare utdanning* forvaltar tilskotsordninga for lærebokutvalet. Det bør få eit særleg ansvar for at det blir utvikla faglitteratur på nynorsk i dei større profesjonsutdanningane i høgare utdanning.

*Kompetanse Noreg* må få eit tydeleg mandat for å kvalitetssikre at det finst gode læringsressursar og tilbod på nynorsk for innvandrarar. Verksemda må få eit særleg ansvar for å følgje opp og sørge for kompetanseheving og erfaringsutveksling mellom kommunane som har nynorsk som opplæringspråk for innvandrarar.

*Vegvesenet*, som største skiltstyresmakt, har eit særleg ansvar for å gjere nynorsk synleg gjennom skilting i nynorskkommunar og andre kommunar der det er nynorskelevar. Oppdraget til Vegvesenet bør ta særleg omsyn til nynorskbrukarane.

*Direktoratet for forvaltning og ikt* må heile tida sørge for at nynorsk er med når dei utviklar digitale løysingar for forvaltninga og innbyggjarane.

*Innovasjon Noreg* må vere ein part i arbeidet med utvikling av nynorsk terminologi og bruk av nynorsk i næringslivet.

Fire andre offentleg finansierte institusjonar bør også bli omtalte i meldinga, og bør sjåast i nær samanheng med norsk språkpolitikk:

*Universitetet i Oslo* som hovudstadsuniversitet må slutte å byggje ned leksikografi, namnegransking og andre avgjerande fagmiljø for norsk språk. Universitetet må bidra til forskning om nynorsk skriftkultur og forskingsformidling på nynorsk. Ansvaret for det nynorske kan ikkje bli regionalisert bort, men må vere eit ansvar for alle institusjonar i UH-sektoren. Rolla som hovudstadsuniversitet gjer likevel at Universitetet i Oslo bør nemnast særskilt.

*Språksamlingane* ved Universitetet i Bergen er med på å sikre kunnskapen om stadnamn, talemål og skriftspråk for framtida.

For dei samiske språka og kvensk er det etablert språksenter som arbeider med barnehage-, skule-, kulturtiltak og digitale tiltak. For det nynorske er dette delt i to offentleg finansierte institusjonar. *Nynorsk kultursentrum* har eit nasjonalt ansvar for nynorsk skriftkultur, og bidreg til å styrke denne gjennom festivalar, dokumentasjons- og opplevingssenter, arrangementsturnear og digitale tenester. Både samlingane, kompetansen og formidlingsoppgåvene er nasjonale. Rolla vår som kompetansesenter på nynorsk skriftkultur for heile kultursektoren kan gjerne bli stadfesta i meldinga. *Nynorsksenteret*, som frå 2019 er ein del av Høgskulen i Volda, bør framleis vere eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Deira kompetanse og nasjonale ansvarsområde bør bli synleggjort i språkmeldinga.

## **5. Nynorsk for barn og ungdom**

Det er annleis å lære eit mindre brukt språk enn eit dominerande språk. Språkstimuleringa i barnehagen må vere målretta mot kva førstespråk ungane bruker i skulen. Nynorskungane blir mindre eksponerte for populærkultur og litteratur på eige språk enn bokmåselevane. Barnehageeigarane må vere medvitne om nynorsk i språkopplæringa, digitale verktøy, songar og anna pedagogisk tilbod. Dei same prinsippa gjeld i grunnopplæringa og er godt dokumenterte i *Språk i Norge*.

Ungane med nynorsk som førstespråk treng å møte språket sitt på flest mogleg område dei er interesserte i. Også ungane med bokmål som førstespråk treng å møte meir nynorsk for å bli medvitne språkmangfaldet og tryggare i nynorsk. Auka produksjon av sakprosa for barn og ungdom kan vere eit viktig bidrag til dette. Tilfang av dataspel, film- og fjernsynsproduksjonar og nynorsk i andre underhaldningstilbod er òg avgjerande.

## **6. Geografisk målretta tiltak for nynorsk skriftkultur**

Det er i dag nynorskskular i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Buskerud og Oppland. Nynorsk kultursentrum meiner tida er inne for å rette nokre tiltak mot dei områda der nynorskbrukarane er flest, og særleg der presset frå bokmål er størst: Nordmøre, Romsdal, Bergens-regionen, Jæren, Haugalandet, Ryfylke, indre delar av Agder, Midt-Telemark, Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen. Ein politikk for desse områda bør inkludere byane Trondheim, Kristiansund, Haugesund, Kristiansand, Notodden, Gjøvik, Lillehammer og Skien, sjølv om det ikkje er nynorskskular her. I Bergen kommune, Ålesund kommune, Sandnes kommune og nye Stavanger og Molde kommunar er det nynorskklassar. Desse byane er viktige regionale sentrum, og synleg nynorsk her er med på å sikre eksponering av nynorsk for nynorskbrukarane i desse sårbare områda.

I desse områda bør barn og ungdom vere særleg eksponerte for nynorsk skriftkultur, på same måte som elevar med samiske språk eller kvensk/finsk som førstespråk treng det i område der bokmål er særleg dominerande. Dette bør inkludere arrangement med utgangspunkt i nynorsk sakprosa og skjønnlitteratur på fritida, tilgang til mykje og ny nynorskklitteratur på biblioteka og i skulane og kurs til offentleg tilsette i nynorsktilbod som finst digitalt og nasjonalt.

For vaksne bør biblioteka få eit særleg ansvar for og incentiv til å formidle nynorsk skriftkultur. Ein del av bibliotekutviklingsmidlane i Nasjonalbiblioteket bør øyremerkast til språkstimuleringsiltak for barn, ungdom eller vaksne i nynorskområde. Dette kan inkludere formidling av nynorsk sakprosa og skjønnlitteratur på arbeidsplassar og andre stader i lokalmiljøa gjennom utstillingar, forfattarbesøk eller arrangement.

Vi ser på tilbod i desse områda som ein naturleg del av oppgåvene til Nynorsk kultursentrum, men det fordrar i tillegg til auka prioritering frå oss målretta økonomisk støtte frå stat, region og kommune. Eit spleiselag eller ei forsterkingsordning mellom stat, kommune og fylke kunne til dømes fått på plass ei innkjøpsordning for og formidling av nynorskbøker til skulebibliotek i desse områda.

Mange av kommunane, fylkeskommunane og statlege etatar og avdelingar med nynorsk som administrasjonsspråk manglar kultur for god opplæring i nynorsk til dei tilsette. Denne alvorlege mangelen er ikkje med på å legitimere nynorsk som arbeidsspråk, tvert om.

## **Språklovgivinga**

Norsk språkpolitikk er forankra i fleire lover. Blant dei viktigaste er mållova, opplæringslova, universitets- og høgskulelova, stadnamnlova, barnehagelova og introduksjonslova. Noreg er òg knytt til minoritetsspråkpakta, som gir særleg vern til dei samiske språka, kvensk, romanes og romani. Samisk er særleg forankra i samelova, der forvaltningsområdet for samisk språk er regulert.

Nynorsk kultursentrum meiner det framleis er behov for språkpolitiske formålsparagrafar og lovreguleringar i ulike institusjons- og sektorlover, samstundes som sentrale føringar og tiltak i norsk språkpolitikk blir forankra i ei språklov med tilhøyrande forskrifter.

Språklova bør vere offensiv og ta mål av seg til å forbetre stoda for språk i Noreg. Ho bør, som i dag, ta utgangspunkt i språkbrukarane. Få lover er tydelegare på at staten er til for individet, enn *lov om målbruk i offentleg teneste*. Det er skriftspråket til einskildpersonane, einskildføretaka og kommunane sjølve som styrer kva språk kommunikasjonen skal gå på.

Nynorsk kultursentrum har desse 17 innspela til ei ny språklov:



1. *Lov med forskrift*: Nynorsk kultursentrum meiner det er behov for ei ny språklov med ei fylldig og gjennomarbeidd forskrift.
2. *Overordna mål*: Lova bør fastsetje ansvaret dei offentlege styresmaktene har for å sikre at innbyggjarane kan bruke norsk, med skriftspråka bokmål og nynorsk, norsk teiknspråk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka på alle samfunnsområde.
3. *To norske skriftspråk*. 12. mai 1885 blei Noreg ein av dei første offisielt fleirspråklege statane i verda, idet nynorsk og bokmål blei jamstilte som «Skole- og offisielt Sprog». Den nye språklova må stadfeste dette: «Nynorsk og bokmål er to jamstilte skriftspråk, og begge skal vere samfunnsberande språk i Noreg.» Nemningane målform, hovudmål og sidemål kjem frå ei tid då den offisielle språkpolitikken var å arbeide for tilnærming mellom nynorsk og bokmål, med mål om eitt skriftspråk. I 2002 oppheva eit samrøystes storting tilnærmingspolitikken. Nynorsk og bokmål blir no normerte på kvart sitt grunnlag. Internasjonale konvensjonar og avtalar blir brukte til å sikre einskildmenneske og bedrifter rett til informasjon på eige språk. Dei særnorske termene gjer at språkmangfaldet i Noreg ikkje blir synleg nok. Ei norsk rettsleg avklaring om at det er to norske skriftspråk: nynorsk og bokmål, kan vere med på å gjere omverda meir medviten om at tilbod i Noreg bør vere på begge dei offisielle norske skriftspråka. Det kan igjen sikre at fleire aktørar bidreg til at varer, tenester og tilbod frå internasjonale styresmakter er på både nynorsk og bokmål. Derfor bør både lova og meldinga bruke omgrepet skriftspråk, ikkje målformer, om dei to norske skriftspråka.
4. *Nasjonale urfolksspråk og minoritetsspråk*. Lova bør omtale dei samiske språka som tre samiske språk, ikkje som eitt, og lovfeste norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka.
5. *Språkrådet må vere forvaltningsorganet for dei norske språka og dei nasjonale minoritetsspråka*. Organet må få lov- og forskriftsfesta mynde til å føre tilsyn over og følge opp norsk språkpolitikk.
6. *Språklege rettar for innbyggjarane*. Grunnlaget for lova bør vere dei språklege rettane til innbyggjarane, ikkje språka i seg sjølve. Diskriminering og sjikane på språkleg grunnlag må gjerast like ulovleg som diskriminering på anna grunnlag. Alle tilsette i offentleg forvaltning må ha rett til språkleg etterutdanning som set dei i stand til å oppfylle jamstillingskrava i lovverket. Alle innbyggjarar skal få svar frå offentleg forvaltning på det språket dei bruker. Di meir digital offentleg forvaltning blir, di viktigare er dette kravet, som må femne om allmenn, brukarretta programvare. Dette bør også gjelde for kommunar og fylkeskommunar og inneber at ingen kommune kan nekte å svare ein nynorskbrukar på nynorsk eller ein bokmålsbrukar på bokmål.
7. *Krav til bruk av nynorsk må aukast for å fremje reell jamstilling*. Jamstillingsvedtaket frå 1885 står, men er enno ikkje oppfylt. Ei ny språklov må særleg vere på høgde med den digitale røynda.

8. *Regionale statsforetak bør følgje det tenestemålet som gjeld for regionen.* I dag gjer dei det berre delvis, og vi reknar med at dokumentasjon frå Språkrådet vil vise kvar skoen trykkjer hardast.
9. *Språklova bør vere organisasjonsuavhengig.* Språklova må setje krav til offentlege tenester uavhengig av kven som tilbyr tenesta på vegner av stat, fylkeskommune eller kommune. Omorganiseringa i offentleg sektor har også pulverisert språkansvaret. Til dømes helseføretaka, dei mange private og offentlege aktørane i samferdslesektoren og statlege selskap som Vy og Statkraft må få eit tydeleg ansvar for at bokmål og nynorsk er synleg på nasjonalt nivå, på lik linje med andre som utfører tenester i eller på vegner av offentleg sektor.

Nynorsk må ikkje lenger definerast som ei konkurranseulempe i offentleg sektor. Mange statsforetak og andre som konkurrerer i ein open marknad, har fått unntak frå mållova av konkurranseomsyn. Dette er ei effektiv undergraving av intensjonen bak jamstillingsvedtaket frå 1885.

10. *Lova bør slå fast at det ikkje er noko normert talemål i Noreg,* og at retten folk har til å nytte dialekten sin, skal gjelde i alle offentlege samanhengar. Det ville vere eit viktig bidrag internasjonalt å synleggjere og stadfeste dette særnorske og viktige demokratiske fenomenet. Fridomen til å ytre seg ute slik ein ytrar seg heime, gjer det offentlege rommet meir tilgjengeleg for fleire.
11. *Det må stillast krav til bruk av både bokmål og nynorsk i alle kommunar som vedtek språknoytralitet.* Ingen del av offentleg sektor skal kunne melde seg ut av den språkdelte norske staten. Viss kommunane ikkje lenger skal bestemme sitt eige språk, er det likevel ei stor sak å drøfte. Vi meiner den kommunale sjølvråderetten må gjelde, men det er legitimt å klargjere kva ulike typar språkvedtak inneber i praksis.
12. *Lovreglane må gjelde for alle tilsette i den aktuelle eininga.* Det må bli slutt på at særleg høgt utdanna medarbeidarar som legar får unntak frå kommunale reglar, slik fleire undersøkingar har dokumentert.
13. *Krav til bruk av norsk må lovfestast slik at det også gjeld for kontraktar i privat sektor med utanlandske samarbeidspartnarar.* Slike reglar har så ulike land som Polen og Frankrike. Litauen føreset at styrereferat o.a. skal ligge føre på det nasjonale språket.
14. *Private rettssubjekt må kunne vedta eigne språkreglar for si verksemd.* Inga lov kan påleggje verken eit skipsverft eller eit mediekonsern kva språk dei skal bruke, men dei kan ikkje gjere noko som bryt med overordna språklege rettar for innbyggjarane. Vi ønskjer å unngå ei statsminimalistisk ordning med språkleg valfridom, men blir ein slik valfridom lovfesta, må han også gjelde i privat sektor.
15. *Vurder om prinsippet om det offentlege si rolle i offentleglova også bør brukast i språklova.* Offentleglova av 2010 føreset at institusjonar der offentlege tilskot eller subsidiar utgjer minst halvparten av ordinære driftsinntekter, eller der det offentlege

oppnemner minst halvparten av styremedlemene, skal følgje lova. Dette prinsippet bør også vurderast for språklova, i det minste for nokre sentrale paragrafar. Det må vere høve for institusjonar som er oppretta for bestemte føremål, å få unntak.

16. *Alternative ordningar for språk for regionale einingar:* Mykje av språkpolitikken tek utgangspunkt i kommunale vedtak om tenestemål. Det er, naturleg nok, nynorskbrukarar i fleire kommunar enn dei som har vedteke nynorsk som tenestemål. Eksponering for nynorsk er viktigast i dei områda der det er nynorskelevar i skulen, uavhengig av kor stor prosentdel nynorskelevar det er. Nynorsk kultursentrum meiner at statlege og regionale etatar skal vere pliktige til å nytte ein stor prosentdel nynorsk i område der det er nynorskklassar i skulen, uavhengig av vedtak om tenestemål. Rettane må følgje språkbrukarane, ikkje administrative einingar.
17. *Tydeleg ansvar til kommunane og fylkeskommunane.* Svensk språkpolitikk har gjort lokale styresmakter meir medvitne om ansvaret dei har for å ta vare på nasjonale språklege mindretal. Nynorsk kultursentrum ønskjer at språklova, som kulturlova, har eigne lovparagrafar som presiserer ansvaret for kommunane og fylkeskommunane.


### **Mangfaldig språkpolitikk**

Nynorsk kultursentrum meiner språkpolitikken må ta utgangspunkt i språkbrukarane og behova dei har. Mykje av språkpolitikken kan vere lik og gjelde alle språk i Noreg, men med utgangspunkt i brukarane må også mykje av språkpolitikken vere ulik. Brukarane av dei ulike språka treng ulike tiltak for at dei skal vere reelt jamstilte.

Nynorsk kultursentrum møter gjerne Kulturdepartementet for å utdjupe, konkretisere og diskutere innspela våre, både om språklova og språkmeldinga.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm (s.)  
styreleiar Nynorsk kultursentrum

  
Per Magnus F. Sandmark  
direktør